

Samandrag av innlegg ved feiring av 150-års minnet om forfattere Hans Seland (1867–1949)

Av Ingvild Seland

Serena Seland

Serena fortener å få litt av fokuset når me feirar Hans Seland. Ho var gift med dagens hovudperson i over 50 år og eg vil påstå at hadde ikkje ho gjort sin innsats som ”bakkemannskap” på Seland, kunne ikkje Hans ha reist som han gjorde som skrønemakar, forfattar, folketalar og organisasjonsmenneske.

Serena Malde var fødd 17. desember 1872 på Mauland i Time. Året etter kjøpte faren, Sven, gard på Madla (Malde) ved Hafrsfjord utanfor Stavanger og familien tok namn etter garden. 5 år seinare fekk han borgarskap som handelsmann i Stavanger og familien flytta til byen.

I løpet av dei 5 åra på Madla, fekk Serena 3 søstre, men 2 av dei døydde tidleg: Bolette Marie blei bare 2 år gammal mens Gurina blei 9 år gammal. – Og ikkje nok med dette: mora døydde av tæring då Serena var 9 år gammal. Søstera Anna Karlotte var bare 6 år.

Det var harde tider for den vesle familien! 1880-åra var nedgangstider i Stavanger. Faren sleit med å klara dei økonomiske krava.

Trass i harde tider: dei to Malde-søstrene kom seg opp og fram. Begge fekk lærarutdanning. Serena fekk si utdanning ikkje lenge etter at kvinner i det heile fekk lov å utdanna seg til lærarinner. På denne tida fekk dei bare undervisa i småskolen eller i reine jenteklassar og dei måtte slutta i arbeidet då dei gifta seg.

20 år gammal fekk ho sin fyrste jobb i Flekkefjord i januar 1893. Dei fyrste 2 åra var ho småskolelærarinne ved skolekretsane på Ståby, Fjellså og Stordrange, - nokre veker på kvar stad. I 1895 vart ho tilsett på den nye Sunde skole. I juni 1896 gifta ho seg med Hans, men fekk halda fram med skoleposten året ut mens mannen var på talarferd rundt i landet.

Det må ha vore litt av ein overgang for byjenta frå Stavanger (riktignok med sterke røter til Jæren) å koma til eit lite, veglaust småbruk på Selandsheia!

Det var modig gjort å slå seg til der, og nokon dans på roser vart det nok ikkje. Arbeidet på garden lærde ho seg og tok det på seg. Når han var ute og reiste, var det ho som hadde tilsynet heime. Barneflokket var stor, - 8 ungar i løpet av 19 år, - og gamlefolket passa ho og stelte for så lenge dei levde.

Ho er omtalt som klok og kunnskapsrik og kunne fylgja mannen



i det litterære arbeidet hans og, som konsulent og rådgjevar.

Ho var flink med hendene. Midt i den travle kvardagen, fekk ho tid til slikt som ho gledde seg ved. Den store vevstolen på loftet stod oppe til alle tider. Ho spann og farga og vov dei vakraste åklede. I 1916 fekk ho Norges Vel sin sølvmedalje for ei god samling nyttehusflid og i 1950 medalje frå Vest-Agder landbruksselskap for dugande arbeid med kvinneleg husflid. Ho var med og etablerte Flekkefjord husflidslag og var med i ulike kommunale nemnder som vergeråd, legat og fattigstyre. I mange år var ho formann i styret for Nes gamleheim på Austad.

Serena døydde 93 år gammal i 1966.

Ho er barnebarn av Hans Seland og voks opp med forteljningane om Prinsesse Gullsko, Tytebæret og Smørblomen, om Dagros og andre dyr og om Ivar den spake. Då ho blei stor, skjøna ho at farmor Serena og familien hadde halde hjula i gang på småbruket mens farfar Hans reiste, tala eller sat på loftet og skreiv gjennom vintrane. Ho er bibliotekar og biblioteksjef og opna jubileumsåret med ein artikkel i Julehilsen fra Flekkefjord 2016.
Ingvild Seland fortel om Serena Seland, lærarinna og gardkona som ordna resten.

(Ingvild Seland, side 2)